

# **ÅRSMELDING FOR EIDFJORD FJELLSTYRE 2010**

**Årsmeldinga omfattar fylgjande hovudpunkt:**

**1. Økonomisk del**

**2. Generell del**

**3. Viltforvaltning**

- 3.1 Villreinforvaltning**
- 3.2 Småviltforvaltning**

**4. Fiskeforvaltning**

- 4.1 Fiskeutsetting**
- 4.2 Prøvefiskeresultat**
- 4.3 Garnfiskestatistikk**
- 4.4 Kalking**
- 4.5 Anna fiskekultivering**

**5. Fjellstyrehyttene**

- 5.1 Hyttestyret**

**6. Beiteleiga**

**7. Anna**

## 1. Økonomisk del

Eit utdrag av rekneskapsresultatet for 2010 og 2009 viser følgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

INNTEKTER	2009	2010	UTGIFTER, DRIFT	2009	2010
Salsinntekt	591 518	560 000	Lønskostnader	36 230	35 000
Anna driftsinntekt	28 160	18 000	Avskrivningar	70 741	71 000
Renteinntekt	70 256	103 000	Anna driftskostnad	430 572	810 000
Driftsresultat	62 039	-179 000			
Bankinnskot	2 229 615	2 005 106			

Tala for 2010 er førebels og avrunda

### Inntektene:

- Største inntektspostane er sal av villreinjakt, fiske, reguleringerstatningar, turkart og festeinntekter.
- Inntektsnivået er redusert som følgje av at det ikkje vart sold småviltkort.
- Anna driftsinntekt omfattar leigeinntekter frå fjellstyrehyttene.

### Utgiftene:

- Største utgiftspostane er kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, tilskot til samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda og fellingsavgift.
- Fjellstyret hadde ansvaret for gjennomføring av Villmarkshelg for ungdom i Isdalen, kostnad er utgiftsført, samstundes er det motteke tilskot som langt på veg dekkjer kostnadene.

### Årsresultat:

- Førebels årsresultat viser eit underskot på kr 179 000. Dette skuldast vesentleg auka utgifter i regi av hyttestyret. Det vert vist til arbeidet med hyttene mm.

### Investeringar:

- Det er ikkje gjort større investeringar i 2010.

## 2. Generelt

Fjellstyret hadde 4 styremøte og handsama 19 saker. Det viktigaste av aktiviteten kjem fram i årsmeldinga, elles vert møteprotokollane lagt ut på heimesida til fjellstyret,

[www.eid fjord-fjellstyre.no](http://www.eid fjord-fjellstyre.no)

## 3. Viltforvaltning

### 3.1 Villreinforvaltning

Bestandsmålet for villreinstamma på Hardangervidda er ein vinterstamme på 11 000 dyr etter jakt i 2009. Dette målet er ikkje nådd, men etter jakta i 2010 meiner ein å nærma seg.

Samla kvote vart sett til 2000 fellingsløyve, fjellstyret var tildelt 138 fellingsløyve.

Samjaktordningar med private vald i Eidfjord gav ei ordning med gjensidig samjakt nord for Nordmannslågenvassdraget. Fjellstyret disponerte 25 % av kvota til dei private valda som kompensasjon for denne ordninga. I tillegg var det samjaktordning med Ullensvang fjellstyre

der 10 jegerar hadde høve til å bruka Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågenvassdraget, som motyting kan 10 jegerar frå Eidfjord bruka Ullensvang statsallmenning. Det vart felt 69 dyr på kvota til fjellstyret. Totalt for kommunen vart det felt 89 dyr, truleg vart det meste felt på statsallmenningen. Jakttida var satt til 20.08 til og med 26.09, samordna med andre område i Eidfjord.

### 3.2 Småviltforvaltning

Statistikken for småviltjakta viser felte ryper pr jeger på grunnlag av innkomne rapportar. Jegerdøgn/km<sup>2</sup> er eit mål for kor hardt jakttrykk det er på rypestamma. Generelt er jegertrykket på område nær veg hardast.

Småviltområde	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
<b>Område 1</b> rype/jeger jegerdøgn/km <sup>2</sup>	9,5 1,2	7,0 0,7	9,2 0,2	6,0 0,4	3,3 0,7	6,7 0,5	3,3 0,6	3,3 0,8	7,5 0,9	7,0 0,7	4,2 1,1	4,9 1,5	3,8 1,4	2,5 0,3
<b>Område 2</b> rype/jeger jegerdøgn/km <sup>2</sup>	5,6 1,3	5,2 0,9	10,3 0,3	6,2 1,7	3,3 0,9	8,5 0,9	7,8 0,4	2,0 1,1	3,5 1,6	3,8 1,1	4,0 1,1	5,7 1,5	1,7 1,2	1,7 0,4
<b>Område 3</b> rype/jeger jegerdøgn/km <sup>2</sup>	4,1 1,9	3,9 1,5	5,8 0,5	3,7 1,3	4,1 0,6	4,4 1,5	5,5 1,5	2,0 1,4	3,3 1,7	2,7 0,8	2,4 1,2	3,5 2,0	1,8 1,0	0,7 0,4


Fjellstyret har samarbeida med Norsk Breton klubb avd. Hordaland om taksering av rypestamma i forkant av jakta. Resultatet visast i tabellen under, og med låg rypetettleik og låg kyllingproduksjon siste år.

År	Område	Tal linjer	Tal meter	Ant. obs.	Tal ryper	Ryper/obs	Ryper/km <sup>2</sup> (med 90% sikkerheit)	Ant kyllingar/høne
2006	Eidfjord Statsalm	44	229250	84	327	3,9	7 (5-10)	3,8
2007	Eidfjord Statsalm	24	129342	33	129	3,9	8 (6-12)	2,6
2008	Eidfjord Statsalm	23	125361	31	115	3,7	4 (2-6)	2,9
2009	Eidfjord Statsalm	22	113675	21	97	4,6	3 (2-5)	2,6
2010	Eidfjord Statsalm	24	129050	25	197	7,9	4 (3-6)	7,5

Fjellstyret konkluderte med grunnlag i takseringen, at det ikkje var tilrådeleg å selja kort. Tilbakemeldinga frå jegerane var positive til avgjera.

## 4. Fiskeforvaltning

Garnfiskestatistikken viser god avkasting saman med ein liten auke i fangstinnsatsen.



Til saman var det 115 som hadde løyst garnfiskekort, 17 har rapportert at dei ikkje har fiska. Fjellstyret ser på statistikken her som viktig dokumentasjon på bruk av fiskerettane og grunnlaget for næringsutnytting.

### 4.1 Fiskeutsetting

Det vart sett ut 3000 einsomrig setjefisk i Tinnhølen. All fisk som er satt ut er feitfinneklippa. Resultat av merka fisk i Tinnhølen viser god vekst.


### 4.2 Prøvefiskeresultat

Fylgjande vatn og tjørn vart prøvefiska i 2010;


Langavatnet, Høgevardetjørn, Herrevatnet, Bismaren, Svartavatnet og Svartavasstjørn.

#### Resultat Langavatnet

- Fangsten i prosent fordelt på lengdegrupper:




- Med unntak av 1997 har årleg avkasting vore stabil og ligg truleg på ca. 400 kg inkl. stongfiske. Dette gjev ei avkasting på ca 1,5 kg/ha, noko ein kan rekna som normalt for eit slikt vatn.
- Kondisjon er god og uendra frå 1999.
- Gjennomsnittsvekta er gått ned som følgje av auka del småfisk.
- Storleiken på minste ho gytefisk er gått ned frå 33cm til 24cm, dette tyder på ein for tett stamme.
- Fangstresultat frå garnfiske:



### Konklusjon

- Delen småfisk er for høg i Langavatnet.
- Langavatnet har ein for tett fiskestamme.

### Resultat Herrevatnet:




- Delen småfisk har auka i vatnet.
- Delen av fangsten som var raud i kjøtet er gått ned.
- Gjennomsnittsvekta er stabil i vatnet.
- Gjennomsnittleg kondisjon er stabil samanlikna med tidlegare prøvefiske.
- Garnfiskestatistikken frå vatnet er noko mangefull og varierer frå 0 til 63 kg årleg dei siste åra med eit snitt på 30 kg for dei siste 8 åra.
- Garndøgnreglane for vatnet vart auka frå 40 gd til 80 gd med 39 gd i snitt for dei siste 8 åra.

#### **Tiltak og konklusjoner:**

- Det er gode og tilstrekkeleg naturleg rekruttering i vatnet. Dette er ynskjeleg vert oppretthelde gjennom å ha ei tilstrekkeleg stor gytestamme.
- Dei nye reglane om tal garndøgn har ikkje medverka til auka uttak.
- Uttaket i kg fisk er for lågt til å oppretthalda kvaliteten på fisken. Samla uttak bør opp i 150-200 kg.
- Delen småfisk, < 25cm bør reduserast, dette kan gjerast med at det i garnfiske vert brukt 1-2 garn med maskevidde 24mm eller mindre.

#### **Resultat Bismaren:**



- Tynningsfisket har ikkje vore av eit slikt omfang at det har hatt vesentleg innverknad på kvaliteten på fisken i Bismaren.
- Det er eigenrekruttering i vatnet.
- Fordeling av fangsten på lengdegrupper tyder på stor del eldre fisk.

#### **Tiltak:**

- Ordinært garnfiske med eit omfang (over 300 kg) vil betra kvalitet på den store fisken.
- Det er ikkje behov for å setja ut fisk i vatnet.
- Det er behov for å leggje til rette for auka avkasting.

#### **Resultat Høgevardetjørn:**


- Prøvefiskeresultatet er for lite til å vurdera prosentvis lengdefordeling.

- Fangstresultatet i forhold til fangstinnsatsen tyder på ein tynn fiskestamme i tjønet.
- Snittvekta har auka, men det fangstresultatet er lågt, så det er lite grunnlag å trekka konklusjonar frå.
- Årleg rapport frå garnfiske viser eit snitt på 15kg med ein innsats på 26 garndøgn. Dette peiker og i retning av at tjønet har ein tynn fiskestamme.

#### Tiltak/resultat:

- Kondisjonsfaktoren er stabil.
- Lengdeveksten viser avtakande vekst på den eldre fisken.
- Det er konstatert naturleg rekruttering, men denne er låg og usikker. Utsetting av inntil 50 småfisk årleg frå Herrevatnet, eller eit anna nærliggjande vatn, vil sikra ein meir stabil fiskestamme å hausta frå.

#### Resultat Svartavatnet:




Kurvene viser at delen småfisk har auka i vatnet. Vatnet bør fiskast hardare også på den små fisken.

#### Resultat Svertavasstjørn

Situasjonen er stabil med stor del småfisk, gjennomsnittsvekta ved prøvefiske var 144g og med låg kondisjon. Tjønet må fiskast hardare for å betra kvaliteten.

#### 4.4 Kalking

Kalkinga av Svartavatnvassdraget fortsette likt som i 2009 med 40 tonn kalkmjøl. Det vart ikkje kalka med kalkgrus. Overvaking av vasskvaliteten er vidareført og viser stabil situasjon. I samband med overvakainga er det lagt ut temperaturloggjarar ulike stader i vassdraget. Dette er små instrument som registrerer temperaturen dagleg gjennom eit heilt år. Det er samstundes gjort yngelundersøkingar til same tid over fleire år. Samanfatning av døgngradene og målt yngellengde viser godt samsvar. Altså yngel vert lenger i dei sumrane med høg vasstemperatur, dette er vist i figuren under.



Yngel frå innløpet av det kalka Svartavasstjørnet

#### 4.5 Anna fiskekultivering

Det var registrert 1 ørekyte i kontrollruse ovanfor oppgangssperre ved Stigstu i same område som i 2010. Denne registreringa vart gjort i ei ruse som hadde låge ute over vinteren. Dette er rapportert til Fylkesmannen og Direktoratet for Naturforvaltning. Dette var ein enkelteepisode og det vart ikkje registrert fleir ørekyte gjennom sesongen. Førebels vert situasjonen overvaka utan at det er konkrete planar om aksjonar.

### 5. Fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene vert leigd ut etter avtale/søknad for påskan og sumarferien. I reinsjakta kan hyttene ikkje reserverast. Bruken kan dokumenterast gjennom hytteboka, men er i ulik grad med i statistikken under. Grunnlaget for statistikken er innbetalingar for bruk av hyttene. Det er ikkje teke omsyn til om det er born eller vaksne i omgrepet ”persondøgn”.

Hytte	Persondøgn (omrekna til sats for innanbygds)						
	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Gamla Sandhaug	3	18	Ikkje utleigd	15	52	92	58
Tinnhølen	56	34	47	36	154	1762	26
Krobu	29	17	18	47	73	39	73
Stigstuv	4	10	0	0	0	34	7
Viersla	0	2	16		181	172	13
Langavasshadle	16	1	20		72	28	9

Persondøgn for 2008, 2009 og 2010 er utrekna ved å dela overnattingsinntekta for den enkelte hytte med døgnutsatsen kr 50,-. For Gamla Sandhaug, Viersla og Tinnhølen inngår eit fast beløp oppsynet betalar for overnatting sidan dei leiger eit eige oppsynsrom i hyttene.

#### 5.1 Hyttestyret

Legg inn litt frå aktiviteten til hyttestyret.

**Krobu:**

Henting av defekt/skada båt, reparert og transport innatt til Drageidfjorden!  
Supplert med ved /gass.

**Gamla Sandhaug:**

Supplert med ved /gass/ bensin. Reparert gavlvegg i steinbua, forblending med steinheller  
isolasjonsplater hoved hytta !  
Laga hems i hoved hytta.  
Rydda og brent ein del skrot rundt i kring i området  
Planlagt og fått løyve til toalettpåbygg hoved hytta, vert utført i 2011  
Hoved hytta beisa og vaska ned.

**Viersla:**

Isolert og panelt uthus, montert 2 ventiler, montert av lufting i toalettdel  
Kjøpt og montert ny gasskomfyr ny diskplate, nytt spisebord med stoler.  
Kjøpt varme gassovn.  
Vaska innvendig og beisa bod og hytte.  
Supplert med gass/ved

**Langavasshadle:**

Beisa og vaska ned innvendig.  
Reparert utedør  
Supplert med ved gass

**Stigstuv:**

Sjekk og supplert med ved/gass  
Gjenstår ferdig montering av nytt toalett i utebod.

**Tinnhølen:**

Supplert med ved /gass

Alle hyttene er det sjekka batterier, brannslokapp og brann/røykvarsler.

**Anna:**

Kryssingspunktet for gåande på Fossane er sikra med at det er sett ned stag som feste for sikringstau.

**5. Beiteleiga**

Halne beitelag er inne i ein 3 års kontrakt om beiteleige med fjellstyret.

**6. Anna**

- Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF as) har utført noko meir oppgåver enn vedteke i budsjettet.
- Liv Myklatun er styremedlem til styret for Hardangervidda fjelloppsyn AS.

- Fjellstyret sto som arrangør av fjellhelgen for ungdom frå Ullensvang, Ulvik og Eidfjord. Arrangementet vart gjennomført i Isdalen 11.-12. juni. Det var 40 deltakande ungdomar pluss 10-12 vakne. Tilbakemeldingane til arrangementet var gode. Lars Kristian Eidnes var leiar for arrangementet frå Eidfjord.
- Fjellstyret støtta jegerprøvekandidatar med kr 1000 for dekking av kurskostnader. Fjellstyret ser på dette arbeidet som viktig grunnlag for rekruttering til jegerstanden i bygda.

### Eidfjord fjellstyre

Lars Kristian Eidnes    Liv Myklatun  
- S -                         - S -

Vidar Riber  
- S -

Anne Myklatun  
- S -

Anders Vaksdal  
- S -

Samson Hamre  
- S -

Hildegunn Espe  
- S -